

Retningslinjer for tildeling og handsaming av motorferdselsløyve i perioden 01.05.2015 - 30.04.2019

Rådmannen si innstilling:

For tildeling av motorferdselsløyve i perioden 01.05.2015 – 30.04.2019 gjeld fylgjande prinsipp:

Vedteke i PMR-utvalet 28.04.2015 sak 39/15

NR	SAKSTYPE	VEDTAKSRETT
1	Fleirårige søknadar om dispensasjon etter § 6 i motorferdselslova (motorbåtar og flygemaskiner).	Administrasjonen
2	Årlege søknadar om oppdrag etter § 6 i motorferdselslova (motorbåtar og flygemaskiner).	Administrasjonen
3	Søknadar etter § 5, 1. ledd, bokstav a) i føresegna.	Ansvarleg politisk organ
4	Søknadar etter § 5 1. ledd, bokstav b), c), d), e) og § 5a. i føresegna.	Administrasjonen
5	Søknadar etter § 6 i føresegna.	Ansvarleg politisk organ
6	Søknadar etter verneføresegnene i SVR	Same praksis som etter motorferdselsreglementet.

- Søknadsskjema skal vere tilgjengeleg på heimesida og som papirutgåve i tenestetorget i Bygland kommune.
- Alle søkjarar skal fylle ut kvart sitt søknadsskjema. Godt leseleg kart må vere lagt ved søknaden og ynskja køyretrase er teikna inn på kartet med raud farge.
- Står det fleire namn på same søknaden vil berre den som har skrivi under søknaden få handsama søknaden.
- Søknadar om motorferdsel i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsverneområde sendast til Bygland kommune på eige skjema for verneområdet. Kommunen vidare sender så søknaden til verneområdestyret for handsaming etter verneforskrifta og naturmangfoldlova. Bygland kommune handsamar så søknaden etter motorferdselslova eller forskrift for bruk av motorkøyretøyer i utmark og på islagte vassdrag.
- Søknadar om motorferdsel i øvrige verneområder i kommunen handsamas av Fylkesmannen i Aust-Agder.
- Det kan løyvast inntil 12 ervervsløyve i kommunen. Leigekøyrerar som har levert inn loggbok på utførte køyreoppdrag i førre periode og leigekøyrerar som i søknaden viser at dei vil dekke eit stort geografisk område vil bli prioritert i søknadsprosessen. Berre søkjarar som er fastbuande i Bygland kommune og har registrert føretak kan få tildelt ervervsløyve. Unntak er løyve med utgangspunkt frå Borteli, Ljosland og Øvre Sirdal. Søkjar kan her vere busett i høvis Åseral og Sirdal kommune. Det skal opplysast i lokal avis og på kommunen si heimeside om moglegheitene til å søkje om ervervsløyve etter § 5, 1. ledd, bokstav a) i forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag. Søknadsfristen er 1. oktober.
- Søknadar etter § 5 b) skal leggje ved legeerklæring som ikkje er eldre enn eitt år og som synleggjer trongen for transport. Løyve kan tildelast etter fastlagt trase eller avgrensa område. Rørslehemming grunna alderdom og midletidig rørslehemming går ikkje inn under § 5 b).
- Skuterløyve etter § 5 c) i forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag vert gjeven til hytteeigar m ektefelle / sambuar og slekt i rett oppgåande / nedgåande line samt svigerborn der ektefelle / sambuar ikkje har løyve jf. § 5 c).
- Det skal ikkje gjevast løyve til både eigar og leigar av ei hytte. Leigetakar av privat hytte må leggje fram skriftleg leigeavtale med hytteeigar for minimum to år. Det vert

ikkje gjeve snøskuterløyve til meir enn ein leigetakar der det er fleire som leiger same hytta. Skuterløyve ved korttidsleige av hytter i t d påsker vert ikkje gjeve.

- Ved tildeling av løyve skal det vektleggast å avgrense talet på trasear der det høver, og ein skal unngå køyring i viktige vilt – og friluftsområde.
- Kommuneadministrasjonen skal ha oversikt over gjeldande snøskuterløyver.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Bakgrunn for saka

Den 30. april 2015 går alle snøskuterløyva i Bygland kommune ut. Dette inneber ein ny søknadsomgang. Det er grunn til å tru at mengda søknadar kan verte stor, og i førekant av søknadsomgangen er det ynskjeleg å gjennomgå gjeldande reglementet for å få fastsett nokre prinsipp for sakshandsaminga slik at ein kan få til ei rasjonell og god handsaming av kvar søknad.

Eit anna moment vedrørande motorferdselsløyve er vedtak når det gjeld løyve til køyring med motorbåt og fly / helikopter. Det er ynskjeleg å leggje til grunn nokre felles prinsipp for handsaming av denne type søknadar også.

Formelt grunnlag

- Lov av 10.06.1977 nr 82 om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag (motorferdsellova).
- Lov av 19.06.2009 nr 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
- Forskrift av 15.05.1988 nr 356 for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag.
- Rundskriv MD – T – 1 / 96, om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr 82.

Vurderingar og konsekvensar

Talet på søknadar om motorferdsel i utmark i Bygland kommune har vore stor. For periode (2011 –2015) er det handsama over 650 søknadar om motorferdsel. Der søknadar om snøskuterløyve utgjer om lag 610 og 40 søknadar gjelder søknad om helikopter-transport. Flesteparten av søknadar om snøskuterløyve gjelder transport av bagasje og utstyr inn til privat hytte. Talet på søknadar er aukande i forhold til perioden frå 2007-2011 då det var om lag 520 saker. Det skyldast i hovudsak at vi no har kravd ein søknad frå kvart familiemedlem slik at det ikkje er ført opp fleire namn på eit og same løyve lengre. Bakgrunnen for dette er at det er enklare å finne igjen søknad og løyvedokument i vårt datasystem. Samtidig som løyvet er personleg. Talet på personar som har fått løyve har gått noko ned i den seiste perioden samanlikna med den fyrste. Gjeldane snøskuterløyver i Bygland kommune pr. 1.1.2015 var 564 løyver.

Løyve til køyring i utmark skal handsamast med heimel i *Forskrift for bruk av motorkjøretøy*

i utmark og på islagte vassdrag. Løyve til ferdsel med motorbåt og fly / helikopter skal handsamast med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

For denne saka er det aktuelt å vurdere ulike moment i høve §§ 5, 5a og 6 i forskrifta.
§ 5 gjev: *Etter skriftleg søknad kan kommunestyre gi tillatelse til bruk av snøscooter for:*

a) fastboende som i ervervsmessig øyemed vil påta seg

- transport mellom bilveg og hytte,*
- tilsyn med privat hytte etter eierens oppdrag*
- transport for massemedia på reportasjeoppdrag,*
- transport av funksjonshemmede,*
- transport av ved,*
- transport etter dispensasjon i medhold av denne forskrifts § 6,*

b) funksjonshemmede

c) eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ligger minst 2,5 km fra brøytet bilveg når det i området ikkje er mulighet for leiekjøring etter bokstav a),

d) kjøring i utmarksnæring for fastboende,

e) transport av ved utover det som følger av denne forskrifts § 3 første ledd bokstav g. Kommunens myndighet etter denne paragraf kan delegeres til et folkevalgt organ eller kommunal tjenestemann.

§ 5 a). (leigekøyringsløyve)

Rundskrivet nemner at det er viktig at kommunane søkjer å medverke til etablering av leigekøyringsordning. Vidare at det er viktig at kommunar som har leigekøyringsordningar viser til slike ordningar ved transportsøknadar, og at dette er særleg aktuelt når det gjeld transport til private hytter.

I tydinga av at ” *kommunane skal søkje å medverke til etablering av leigekøyringsordning*”, ligg m a at kommunen sin medverknad til etablering av leigekøyringsordningar krev kontakt og samordning med grunneigarane. Dette for å unngå at det vert gjeve § 5 a) løyve i trasear og område som grunneigarar er usamde i, og kan forby. I Bygland kommune er det svært få som nyttar seg av leigekøyrar. Kommunen har motteke loggbok frå seks av tolv leigekøyrerar eitt eller fleire år av åra i perioden 2011-2015. Kommunen har ikkje prioritert arbeidet med å ettersørje loggbøker, men ut frå søknadar i SVR har vi inntrykk av at det er ein viss underrapportering. Transport i frå Bortelid og Langeid utgjer brorparten av oppdraga. Bl.a. har Bortelid transport hatt 12 oppdrag på eitt år. Bygland kommune har ikkje motteke klager på at ervervskøyrerar ikkje har innhenta tillating til kjøring frå grunneigarar. Med unntak av manglande tilbakerapportering frå nokre av ervervskøyrerane tykkjast ordninga å fungere greitt.

Personar som får løyve etter § 5 a) bør vere sjølvstendig næringsdrivande som kan, og er viljuge til å stille opp på førespurnad. Det bør lysast ut i lokalavisene at det er mogleg å søkje om denne type løyve for fastbuande i næring. I førre periode er det utsteda totalt 12 ervervsløyve: 6 ervervsløyve innan Langeids- og Hegglandsmark og innanfor Bygland kommune sine areal i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområder (SVR), 1 ervervsløyve innanfor Bygland kommune sine areal med unntak av SVR, Langeid- og Hegglandsmark, 2 ervervsløyve innanfor Grendi- og Longeraksmark, 1 ervervsløyve innanfor Bygland sokn, 1 ervervsløyve som gjeld innanfor Bygland kommune der naturleg utgangspunkt er Bortelid, 1 ervervsløyve som gjeld innanfor Bygland kommune der naturleg utgangspunkt er Ljosland.

§ 5 b). (funksjonshemma)

Behovet for transporten må ved avgjersle på søknaden vurderast mot dei skader og ulemper den vil føre til, og det kan eventuelt setjast vilkår. I avveginga skal det leggjast vekt på den særstilling funksjonshemma står i m. o. t. transportbehov. For handsaming av søknadane stillast det krav om erklæring frå lækjar som synleggjer trongen for transport. Det må gå fram av erklæringa at funksjonshemminga er varig. Personar som på grunn av alder eller midlertidig sjukdom er rørslehemma, går ikkje under denne bestemminga. Lækjarerklæringa må ikkje vere eldre enn eitt år. Rådmannen foreslår at snøskuterløyve kan verte tildelte etter fastlagt trase eller eit mindre avgrensa område som t.d. innanfor ein eigedom. Tidlegare har kommunen gjeve søkjarar inntil 20 turar pr. år. I ei klagesak i PMR-utvalet 29.04.2014 fekk klagar medhald i at han ikkje trengte å føre logg for kvar tur og sende loggen til kommunen. Erfaring frå innsendte loggar tidlegare tilseier at det er snakk om eit fåtal turar med snøskuter. Rådmannen vurderer at vi ikkje lengre vil krevje loggføring og innsending av loggbøker til kommunen for løyve gjeven etter § 5 b).

§ 5 c). (transport av bagasje og utstyr til eiga hytte lengre enn 2,5 km frå brøyta bilveg)

Bestemminga skal dekkje transportbehovet til private hytter i område der det ikkje eksisterar tilfredsstillande moglegheit for leigettransport. Rundskrivet presiserar at det bare skal gjevast løyve til hytteeigar, og at defineringa på "hytteeigar" også gjeld nærmaste familie som ektefelle og born. I Bygland har det i førre periode vori praktisert at dersom eigaren får løyve, så har familie i rett oppgåande og nedgåande linje samt svigerborn der ektefelle/sambuar ikkje har løyve kunne få løyve etter søknad. Det er å sjå føre at kvar enkelt i huslyden sender kvar sine søknadar.

Vidare presiserar rundskrivet at løyve berre gjeld for transport av bagasje og utstyr. Dersom det ikkje utløyser ekstra køyring mellom hytte og bilveg kan personar sitje på. For personar som leiger hytter, må det ved søknad om motorferdsel framleggjast skriftleg dokumentasjon på leigeforholdet og at dette har ei tidslengde på minst to år. Transportbehov ved korttidsleige, som t d i påsker og vinterferiar, må løysast med leigekøyringsløyve eller eventuelt eigar sitt løyve. Leigar og eigar av hytte kan ikkje få løyve inn til same hytta. I sak i PMR-utvalet 29.04.2014 vart det vedtak om at ein berre gav snøskuterløyve til ein leigetakar der det var fleire leigetakerar av hytta. Rådmannen foreslår at vi tek det inn i dei nye retningslinene. Grunna forventa mange søknadar til denne paragrafen er det ynskjeleg med administrativ handsaming av søknadane.

§ 5 d) og e). (køyring i utmarksnæring for fastbuande og transport av ved)

Eventuelle saker om dette vurderast som relativt kurrante.

§ 6 (løyve ved spesielle behov)

Paragraf 6 gjev:

I unntakstilfelle kan kommunestyre eller et annet folkevalgt organ som kommunestyre bestemmer – etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 - § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikkje kan dekkjes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.

Meininga med denne bestemminga er å fange opp spesielle transportbehov. Alle søknadar om privat køyring på barmark må handsamast etter denne bestemminga, og avgjerslemynde kan ikkje delegerast til kommunal tenestemann.

Motorbåt og lufttransport

Alle søknadar om motorbåt og flygemaskiner skal handsamast med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. For kommunen er det mest aktuelt å fatte vedtak med

heimel i § 6 (løyve etter søknad). Denne type saker kan delegerast kommunal tenestemann. I høve transport til einskilde prosjekt er det gjerne kurrant å avgjere desse administrativt. Søknadar om fleirårige løyve bør også kunne handsamast administrativt i kurrante saker.

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR) landskapsvernområde

Søknadsskjema for SVR-landskapsvernområde ligg på kommunen si heimeside. Søknad sendast til den kommunen som motorferdsel skal gå føre seg i. Kommunen sender søknad vidare til sekretær/forvaltar i SVR. Løyve inn i SVR landskapsvernområde må fyrst handsamast i SVR-styret etter naturmangfoldloven og verneføresegna for SVR landskapsvernområde. Deretter skal Bygland kommune vurdere søknaden etter naturmangfoldlova og motorferdselslova eller forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag.

Same praksisen jf. vedtaksmynde vurderast som hensiktsmessig i verneområdet.

Søknadsprosessen, sakshandsaming og vilkår

Kommunen vil i løpet av 2015 truleg mota 500 nye snøskutersøknadar. Kvar enkelt av desse skal registrerast, fordelast til sakshandsamar og handsamast før vedtaket kan sendast ut. For rasjonell handsaming og sikring av at alle turvande opplysningar til handsaminga vert opplyste om, så skal søkjar nytte standard søknadsskjema. Alle søknadane må vedleggast kart med påteikna køyretrase. Av erfaring vil det moglegvis kome søknadar som viser til føregåande søknad med kart, kopierte kart av svært dårleg kvalitet, mangelfull søknad eller at det er påført fleire namn på søknaden. Skal kommunen vere i stand til å få handsama så mange søknadar som vi no vil få, vill vi dessverre ikkje kunne klare å vere på servicesida slik vi ynskjer med å skrive ut nye kart, teikne inn køyretrasear og hjelpe til med søknadar. Vi vil vidareføre eksisterande søknadsskjema med nokre små endringar. Godt søknadsskjema og grundig informasjon på heimesida til kommunen vil truleg hjelpe oss med å mota komplette søknadar.

Prosessen omkring fornying av søknadar bør starte så snart som råda for å få handsama det meste før snøen kjem. Kunngjering om at alle må søkje på nytt, og høve til å søkje om leigekøyringsløyve må annonserast i media og på heimesidene. Det bør setjast ein søknadsfrist til 1. oktober for § 5 a, for å sikre at alle søknadar vert handsama før sesongen. Seinare innkomne søknadar kan ikkje gjere rekning med å verte handsama innan vintersesongen er i gong. Rådmannen tilrår at vi held fram med å gi snøskuterløyver for inntil 4 år av gongen som følgjer den politiske valperioden. Handsamingstida kan fort verte opptil to månadar.

Det skal leggjast vekt på å unngå køyring i viktige vilt – og friluftslivområde, og ein oppmodar om å take særlig omsyn til eventuelle oppkøyrde skiløyper. Naturmangfoldlova som kom 19. juni 2009 krev at offentlege vedtak jf. § 7 skal vurdere prinsippa i §§ 8 til 12 i lova. Det vil fyrst òg fremst vere hjorteviltet som er sårbar i vinterhalvåret ved at ein under snøskutertransport kan støyke viltet. GPS-merkeprosjekt på rein i Setesdal har vist at det er lite reinsdyr i Bygland austhei om vinteren. På vestheiane har det dei siste to åra vorte registrert noko meir rein i Bygland kommune vinterstid, men talet på rein er framleis lågt (§ 8 Kunnskapsgrunnlaget). Gjevne løyver tilseier at det til tider kan vere mykje transport med snøskuter særleg på seinvinteren når mange brukar hyttene sine. Kommune har ikkje fått meldingar om at snøskutertransport har ført til skade på noko hjortevilt eller at dei trekker vekk. Snøskuter vil ikkje sette varige spor i terrenget, men vil som nemnt føre til støy som kan uroa viltet. Samtidig vil skuterløypene i ein viss grad kunne brukast av vilt ved ekstreme snøforhold når vilt skal forflytte seg. Tidlegare gjevne løyver for transport med snøskuter i Bygland kommune er vurdert å ikkje påverke naturmangfoldet eller viltet (§ 10

økosystemtilnærming og samla belastning). Rådmannen meiner vi kan vidareføre praksisen vi har hatt rundt motorferdselsløyver i kommunen.

For kommunen sin eigen del jf. oversikt over gjeldande løyve og heimlar løyva er gjevne på, så lyt oss føre egne oversiktar på dette. Av omsyn til at alle vedtak bør vere kontrollerbare av t d politi, så vert løyve berre gjeve etter fastlagde trasear. Det skal også leggjast vekt på å unngå køyring i viktige vilt- og friluftslivområde, og ein oppmodar om å take særlig omsyn til eventuelle oppkøyrde skiløyper.

Snøskuterløyve i frå kommunen innskrenkar ikkje den retten grunneigarane har etter gjeldande rettsreglar til å forby eller avgrense privat motorferdsel på sin eigedom. Løyve til å køyre over annan manns grunn er søkjarane sitt eige ansvar og det er å sjå føre at søkjarane vert gjort merksame på dette ved løyvetildeling.

Bygland, 26.04.2019

Rådmann

Vedlegg:

- Lov mo motorferdsel i utmark og vassdrag
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82?q=motorferdsel+i+utmark>
- Forskrift for bruk av motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1988-05-15-356?q=islagte+vassdrag>
- Retningsliner for tildeling av motorferdselsløyver i perioden 16.06.2011-01.05.2015

Melding om vedtak sendast:

Fylkesmannen i Aust-Agder, miljøvernavdelinga